

## **Felles innspel frå dei tilsette ved Hjeltnes vidaregåande skule, til prosjektgruppa i Mulighetsstudiet:**

Mulighetsstudiet er ein flott anledning til å tenkja nytt og utvikle Hjeltnes vgs. Hjeltnes vgs kan utviklast vidare på fleire felt, noko me har synleggjort gjennom ulike framlegg og nye idéar i prosessen. I botnen ligg det samla fagmiljøet i avdelingane som er bygd opp ved skulen gjennom mange år. Her finnest ein fagkompetanse blant fagarbeidarar, som saman med pedagogane i programfaga og fellesfaga er unik for Hjeltnes vgs.

Hjeltnes vgs bør halda fram som vidaregåande skule, saman med vaksenopplæring, fagskule og produksjonsskule. Dette vil gjera skulen meir robust og fagmiljøet sterkare for framtida. Me vil her synleggjera kvifor me har tru på ei satsing på alle desse fire tilboda.

### **Ein trygg og oversiktleg skule**

Hjeltnes vgs har eit fortrinn ved å vera ein liten internatskule med felles kantine og godt kvalifiserte lærekrefter og anna fagpersonale i eit trygt miljø. Skulen har mykje kompetanse i å ta hand om unge som, av ulike årsaker, ikkje finn seg til rette på store skular. Mange av våre elevar hadde ikkje fullført vidaregåande skule om dei ikkje hadde fått vera i eit lite miljø og under trygge butilhøve.

Alle elevar passar ikkje inn på store skular, det seier elevane våre og det seier fagfolk innan pedagogikk og PPT. Eit suksesskriterium for å hindra fråfall frå vidaregåande skule er tett oppfølging, individuelt differensiert opplæring og trygt læringsmiljø. Hjeltnes vgs har alltid hatt svært lite fråfall. I løpet av dei siste 6 skuleåra kan skulen visa til eit gjennomsnittsfåfall på berre 4,2% pr. år. Ei anna årsak til det låge fråfallet kan vera at elevane "er på skulen" heile døgnet, og får tett oppfølging av kantinepersonell, miljøarbeidarar og nattevakter også utanom skuletida. Skulen har eit godt samarbeid med Ulvik herad om skulehelsetenestetilbod. Helsesøster har fast dag på skulen kvar veke, ho kjenner alle elevane gjennom oppstartssamtale om hausten, og elevane bruker tenesta godt. I tillegg har OT/PPT faste møte med skulen og følg godt opp dei som treng det.

### **Elevgrunnlag**

Det er viktig å oppretthalda Vg1-naturbruk for rekrutteringa til Vg2 anleggsgartnar- og idrettsanleggsgartnar. Vg2- anleggsgartnar og idrettsanleggsgartnar har auka i elevtal, faktisk har det dobla seg på to år. På Vg2 blomsterdekoratør så har me jamt over hatt full klasse. Det vidaregåande tilbodet vil vere ein god mottakar av ungdom frå ein framtidig Produksjonsskule på Hjeltnes vgs.

Gartnarutdanninga på deltid har dei siste åra opplevd stor søknad. Ei omlegging av gartnarutdanninga (2+2) håpar me kan føre til at ungdommen igjen vel gartnaryrket. Skulen vil satsa vidare på fagskuletilbodet Arborist, og i tillegg utvikla fagskule for Nordisk gastronomi og Hagedesign. Dette vil vera viktige vidareutdanningar for blomsterdekoratørar, anleggsgartnarar, gartnarar og yrkesutøvarar innan restaurant og matfag.

Me har konkrete forslag til nye prosjekt, mellom anna innan skogbruk og skogforvaltning. Potensialet er stort, og areal, ressursar og lærekrefter er alt på plass på Hjeltnes vgs.

## **Fagkompetanse**

Det grønne fagmiljøet på Hjeltnes dannar basisen for dei tilboda me har, både inn mot vidaregåande skule, korte kurs og fagdagar og inn mot fagskuleutdanningane. Eit breitt fagmiljø som dekker matproduksjon (frukt, bær, grønnsaker), planteproduksjon til prydd, skogplanteproduksjon, anleggsgartnar- og idrettsanleggsfaget og blomsterdekorasjonsfaget, gjer Hjeltnes heilt spesiell på Vestlandet. Dei er kvar for seg små næringar, men saman så har me ein unik grøn kompetanse. Denne er grunnlaget for drifta i dag og for moglegheitene til å utvikla nye tilbod.

Mulighetsstudiet gjev gode signal om styrking av fagskulen og oppretting av ein Produksjonsskule. Tek ein vekk dei vidaregåande tilboda me har i dag, kan me mista den samla fagkompetansen me i dag alt nyttar på Arborist og vaksenopplæring Gartnar deltid. Denne fagkompetansen vil også ein eventuell produksjonsskule ha trong for.

Hjeltnes vgs har i dag eit stort gardsbruk, der fagarbeidarar med spisskompetanse i dei ulike produksjonsavdelingane er ein viktig ressurs for undervisninga. Me har stor tru på at med denne kompetansen saman med pedagogisk personale ved skulen, skal gje eit godt grunnlag for ein velfungerande Produksjonsskule.

Skulen har god kontakt med ulike fagmiljø som Bioforsk, Norsk gartnarforbund, Norsk anleggsgartnarmesterlag og Norsk landbruksrådgivning. Hjeltnes har i mange år vore rådgjevar for Det norske hageselskap, og er vertskap for anleggsgartnardagane og Hjeltnesdagane (veksthus).

## **Hjeltnes som produksjonsskule**

Hordaland er i startgropa med å utvikla eit produksjonsskuletilbod, etter modell frå Danmark. Det første tilbodet vert utvikla i Bergen, her er gjerne fråfallet og trongen størst. Men det er utfordringar med fråfall også utanfor byen. Hjeltnes kan vera eit godt supplement, som gjev tilbod om heile pakka, med både arbeid og butilbod. Internat og små trygge råmer vil vere godt for denne gruppa av ungdom. Tilsette ved Hjeltnes ynskjer eit produksjonsskuletilbod hjarteleg velkomen til skulen. Med berre produksjonsskule kan ungdomsmiljøet i periodar verta lite, men med vidaregåande elevar vil elevmiljøet verta større og meir stabilt, ei føremon for både grupper.

Dei tilsette arbeider med innhaldet i ein framtidig produksjonsskule som vert spelt inn til prosjektgruppa.

Beste helsing fagorganisasjonane ved Hjeltnes vgs:

Fagforbundet

Delta

Naturviterne

Utdanningsforbundet